Grunngjeve spørsmål til ordføraren i Ulstein kommunestyre 18.03.2010:

Kollektivtransport i Eiksundregionen

Ei arbeidsgruppe samansett av representantar for SV-laga på Søre Sunnmøre arbeidde i fjor fram eit utkast til søknad om KID – midler (betre kollektivtilbod i distrikta). Vi tok denne saka opp i kommunestyra og bad ordførarane ta opp denne søknaden i Søre Sunnmøre Regionråd. Responsen var veldig god. Regionrådet fylgte opp saka og sendte søknaden med mindre redaksjonelle endringar over til samferdselsavdelinga på Fylket.

I søknaden var det ikkje teke stilling til konkrete løysingar/ traséar. Det vi ynskte var å få ei grundig utgreiing av korleis eit slikt tilbod kan vere, og kva som skal til for at dette skal verte samfunnsøkonomisk nyttig. Vi meinte at ei synleggjering av potensialet for å få ein mykje større del av biltrafikken gjennom Eiksund-sambandet over frå privatbil til kollektiv-transport, samt å dokumentere behovet for betring av tilbodet for mange grupper, vil gjere det lettare å skaffe midlar til utviding av rutetilbodet. Gode løysingar og haldningsskapande arbeid er naudsynt for å ta ut eit slikt potensiale.

Vi meinte vidare at det sjølvsagt må arbeidast parallelt for å skaffe auka løyvingar til drift og naudsynte investeringar over fylkeskommunale budsjett.

No har det vist seg at når samferdselsavdelinga handsama søknaden og la den fram for samferdselsutvalet så har dei knytta den konkret til å nytte KID – midlene til bussoppstillingsplass på Garnes-krysset.

Vi er samde i at utbetring av Garnes-krysset er ein viktig faktor i infrastrukturen for å få betre trafikksikkerheit og trafikkflyt generelt i regionen – inkludert kollektivtilbodet .

Det var veldig gledeleg at søknaden vart prioritert på 1. Plass av Samferdselsutvalet – i konkurranse med 3 andre gode prosjekt i fylket.

Men hovudelementet i søknaden var knytt til eit prosjekt for kartlegging og synleggjering av behovet og nytten av forbetra kollektivtilbod, og at dette var rett strategi i høve til å få ei raskast mogleg betring i kollektivtilbodet. Spørsmålet er om ordføraren kan stadfeste og vil arbeide for at hovudintensjonen i søknaden vert vidareført i samferdselsavdelinga sitt arbeid framover når det gjeld kollektivtransporten i Eiksundregionen ?

Morten Feiring, Ulstein SV